

Julehelsing

I år kjem budsjettmøtet tidleg i desember, og derfor kjem også julehelsinga tidleg. Men eg er sikker på at mange allereie er i full gang, og nokon ferdige.... med både gåver og kaker. Adventstida er ei flott tid, og i skrivande stund er det endåtil snø og kulde utanfor døra. Flott det og!

Tenk at vi kan få bu i ein kommune der borna våre får barnehageplass, og gratis tilgang til treningshallar og utstyr. Tenk at vi har ein kommune med skular som har resultat i landstoppen på samtlege områder? I matematikk er vi 4. beste (!) og i dei andre faga ligg vi mellom 10. og 20. plass. Fantastisk! Og tenk at borna våre kan vere med i eit av dei to beste korpsa i fylket! Eller få gå på skyting saman med dugande vaksne. Eller få spele fotball eller gå på tur med turboreven, eller få boltre seg med 4H? Og no er det sjølvsagt mykje godt frivillig arbeid som ikkje er nemnd. Men eg ønskjer på vegne av Gulen kommune, å seie **tusen takk** til alle som er med å gjere alle desse flotte fritidsaktivitetane mogeleg. De er samtidig med å auke trivselen for oss alle.

Og det er jammen mykje anna godt arbeid i kommunen også: Tilsette i Gulen har fått fylkesprisar både som årets sjukepleiarar og som årets demenssjukepleiar. Vi har gode folk, og dei brukar kunnskapen sin for å gje eit godt tilbod til alle som treng det. Det har vore ein del negative oppslag om reduksjon av tenester innan omsorg for eldre. Det er alltid vanskeleg å redusere på eit tilbod, og å godta det. Men av den kaka kommunestyret har å dele av, så må ein alltid vere villig til å prioritere. Og då må ein særleg ta mest omsyn til dei som treng det mest. Kommunen har ansvaret for svært sjuke pasientar, slike som før fekk vere på sjukehuset. Det sett store krav til kompetanse og ressursar. Eg har fått fleire takkebrev frå personar som har opplevd omsorgstenesta til kommunen som god, menneskeleg og kompetent!

Så det er svært mykje god tenesteproduksjon som vert utført når skulane våre er i landstoppen, og helsarbeidarane får prisar i "hopetal". Dette er det grunn til at fleire enn ordføraren er stolt av!! Så skryt litt av Gulen! For det treng vi. Det har vore nok av det andre. Folketalsnedgang gjev grunn til refleksjon. Og her må vi alle spørje oss kva vi kan bidra med. Det er ikkje ei sak som let seg løyse av politikanane aleine! Her må vi som enkeltmenneske, politikanar, som

næringsråd eller som bedriftseigar alle trå til med det vi kan. Vi må bli best, kvar på vår plass. Og det kan vi klare! Gulen ligg sentralt plassert mellom Sognefjorden og Bergen, og det skal skje store investeringar i nærområdet vårt. Klart vi kan snu negativ folketalsutvikling. Og sjå kor attraktive vi er for hyttebyggerane? Einaste kommunen der hytteprisane enno er "stive". Vi er attraktive, og det skal vi fortsette med å vere!!

Nyt jula! Ta deg fri – og kjenn på kor godt vi har det. Ta deg ein tur på julekonsert eller julegudsteneste og få med deg den delen av jula også. Mennesket lever som kjent ikkje av brød aleine. God jul!!

Helsing



Opningstider i jula

Ekspedisjonen

Romjula **10:00 – 14:00**

Det vert bemanning på sentralen, tlf 57 78 20 00.

Det enklaste er å nytte dette nummeret om du vil nå oss.



Møte i Gulen kommunestyre

Side 2

Viktig melding og kunngjering

Side 2

Ledige stillingar

Side 3



**EI RIKTIG GOD JUL
OG EIT GODT NYTT
ÅR TIL ALLE!**

Møte i Gulen kommunestyre

Møte på Dalsøyra Samfunnshus
torsdag 11.12.2008 kl. 11.00.

Saker:

- 0062/08 SKRIV OG MELDINGAR
- 0063/08 REGLEMENT FOR DELEGERING - REVISJON
- 0064/08 SAMARBEIDSAVTALE SEKOM
- 0065/08 PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL
- 0066/08 PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON
- 0067/08 GARANTI FOR LÅN – DALSYRA VASSVERK
- 0068/08 REGULERING AV DRIFTSBUDSJETTET NR 2/08 - YMSE TENESTER
- 0069/08 REGULERING AV INVESTERINGSBUDSJETTET - YMSE TENESTER
- 0070/08 SKULEUTVIKLING I HAFS – FINANSIERING AV FELLES SEKRETARIAT
- 0071/08 SYMJE- OG IDRETTSHALL I SLØVÅG
- 0072/08 STILLINGSHEIMLAR NOVEMBER 2008
- 0073/08 FORSKRIFT OM GEBYR, AVGIFTER, HUSLEIGE OSB. 2009
- 0074/08 BUDSJETT 2009/ØKONOMIPLAN 2009-2011
- 0075/08 TRAFIKKTRYGGINGSMIDLAR – AKSJON SKULEVEG
- 0076/08 SETENESFJELLET OG BROSVIKSÅTA VINDKRAFTVERK - HØYRING AV SØKNAD MED KONSEKVENSGREIING OG MELDING

Saklista kan verte endra, og nye saker kan kome til. Endeleg sakliste og sakstilfang ligg til gjennomsyn hjå ekspedisjonsavdelinga på kommunehuset og på internett: www.gulen.kommune.no om lag ei veke før møtet. Møte er ope for publikum. Alle er velkomne.

Eivindvik 24.11.08
Trude Brosvik

Viktig melding!

Kommunehuset og sentralbordet er stengt fredag 12.12.08 frå kl. 12.00 og ut dagen grunna internt møte.

KUNNGJERING

Budsjett 2009/økonomiplan 2009-2012
Ligg til offentleg ettersyn på kommunehuset i Eivindvik frå **25.11.08 til 11.12.08**, og på www.gulen.kommune.no frå same dato. Merknader kan sendast til Gulen kommune, rådmannsavdelinga, 5966 Eivindvik

Velkomen til adventskonsert og julegudsteneste i kyrkjene

Brekke kyrkje



Adventskonsert:

Laurdag 20. des. kl. 15.30

Fam. Gudsteneste:

24. des. Julaftan kl. 14.00

Midnattsmesse:

31. des. Nyårsaftan kl. 23.00

Mjømna kyrkje



Adventskonsert:

Sundag 14. des. kl. 16.30

Fam. Gudsteneste:

24. des. Julaftan kl. 11.00

Høgtidsgudsteneste

m/nattverd:

26. des. 2. juledag kl. 11.00

Gulen kyrkje



Adventskonsert:

Sundag 21. des. kl. 15.30

Fam. Gudsteneste:

24. des. Julaftan kl. 16.00

Høgtidsgudsteneste

m/nattverd: 25. des. Juledag kl. 13.00

Lokale song- og musikkrefter deltek ved alle konsertane. *Sokneråda*

Andre gudstenester:

- 7. des. kl. 11.00: Gulen kyrkje. Gudsteneste v/ Jens Linde
- 14. des. kl. 11.00: Brekke kyrkje. Gudsteneste v/ Jens Linde
- 4. jan. kl. 11.00: Brekke kyrkje. Gudsteneste v/ Jens Linde

No har me sjansen til å la Gulen si stemme høyrast over heile Noreg!



I 2009 skal det på NRK P1 direkte overførast 4 gudstenester frå Gulen kyrkje i Eivindvik. Radiogudstenestene har ein lyttarskare kvar søndag på mellom 400.000 – 450.000. Dette gjev oss ein unik sjanse til å la det høyrast noko positivt frå Gulen og at vi er ein god del folk her. Eg vonar at de vil vere med å lyfte dette prosjektet med deltaking i gudstenestene med kraftig salmesong. Gudstenestene er på fylgjande datoar: **Sundag 1. februar, søndag 7. juni, søndag 6. september og søndag 29. november 2009.**

Torsdag kveld i forkant av kvar gudsteneste vil vi ha ei opa generalprøve slik at alle får vere med å øve på salmane og gudstenesta. Øving gjer meister! Om ein ikkje har høve til å vere med på øvinga kan ein sjølvsagt likevel vere med på gudstenesta.

Gudstenestene vert lagt ut på NRK sin nettradio og ligg der ganske lenge, så ein treng ikkje sitje heime ved radioen for å høyre der! Skal vi gripe sjansen? - Sokneprest Jens Linde -

Har du lyst til å dele litt tid med andre?

Me treng fritidskontaktar/støttekontaktar til vaksne og born, som kan bruke litt av tida si saman med andre. Det kan vere å gå på besøk, prate, lese til, gå ein tur og eller å delta på ulike aktivitetar. Me treng fritidskontaktar i alle aldrar, frå 15 år og oppover.

Lyst til å vite meir?

Ta kontakt med sosial og barneverntenesta tlf 57 78 20 60.

Sosial og barneverntenesta har fått ny medarbeidar. Wenche Leite starta hjå oss måndag 3.november.

Sosial- og barnevernstenesta held stengt julaftan og nyttårsaftan.

Me ynskjer alle ei fin adventstid.

Helsing Siv, Silje, Wenche og Jane

Julegåvetips frå kommunen?



Minner om at vi har flotte bøker til sals her på huset, mellom anna bygdebøker. Ta kontakt med ekspedisjonsavdelinga for meir opplysingar.

Ledige stillingar:



GULEN KOMMUNE

- historisk og framtidretta!

Gulen kommune ligg på sørsida av Sognefjorden, heilt ut mot havet.

*Innbyggjartalet er ca. 2 400. Kommunen har ca. 400 tilsette, som arbeider etter visjonen **samarbeid for utvikling!***

No treng vi nye medarbeidarar i følgjande stillingar:

- Vernepleiar / barnevernspedagog eller tilsvarande
- Hjelpepleiar / assistent
- Teknisk ”potet” / ingeniør

For meir informasjon sjå

www.nav.no eller www.gulen.kommune.no

Hjarteleg takk!!

Ressurssjukepleiarane i Gulen kommune ynskjer å rette ei stor takk til både privatpersonar og lag/organisasjonar for alle dei flotte gåvene me har fått i forhold til tilrettelegginga av eit samtale- og pårønderom for alvorleg sjuke ved Gulen sjukeheim.

Tusen takk til Fagforbundet som støtta oss økonomisk i forhold til det tverrfaglege kurset for barn i sorg og krise.

Nyheiter frå ressursjukepleiarane i kreftomsorg i Gulen kommune;

I september var forbundsleiinga i Norsk sjukepleiarforbund på besøk rundt i Sogn og Fjordane, og i høve deira besøk i Sunnfjord, vart me som vinnarar av sjukepleiarprisen i 2008 invitert til felles middag og møte på kvelden for regionen. Under fellesmøte om kvelden presenterte me Gulen kommune sitt prosjekt i forhold til kreftomsorg og lindrande behandling, samt ressursjukepleiarfunksjonen i Gulen kommune.

I oktober måned arrangerte kommunen temakveld og eit tverrfagleg kurs for å styrkje kommunen sin kompetanse i møte med barn og unge i sorg og kriser. I samband med desse to arrangementa ynskjer me å takke alle som gjorde ein ekstra innsats og tenkte kreativt i lag med oss, for at kommunen kunne få til å arrangere eit så stort tverrfagleg kurs. Ikkje berre fekk me auka kompetanse på det å møte barn og unge i ein vanskeleg situasjon, men me håper også at me fekk styrka det tverrfaglege samarbeidet i kommunen gjennom denne dagen.

I oktober presenterte me prosjektet, vår funksjon og vårt arbeidsområde for kommunestyret.

Ynskjer du kontakt eller har spørsmål til oss, når du oss på mobil; 41 46 41 16 (Linda) og 97 58 76 13 (Nina).

Ressurssjukepleiarane ynskjer alle me gjennom året har vore i kontakt med ei riktig god førjulstid!!!

M.v.h. Ressurssjukepleiarane i Gulen kommune
Linda M. Hantveit og Nina H. Sleire

Informasjon frå pleie – og omsorg

Tema: Omsorgsbustadar

Gulen kommune har 4 bu - og omsorgssenter.

Ynskjer du å søke om ein omsorgsbustad kan du henvende deg til kommunen og be om eit søknadsskjema. I dag er det fleire søkjarar enn bustader. Når du har søkt får du eit førebels svar om at søknaden er registrert. Så fort ein omsorgsbustad er ledig blir søknadane behandla og det blir gjort ei prioritert tildeling. Får du vedtak på ein omsorgsbustad gjelder det kun bustaden. Har du behov for andre tenester frå pleie - og omsorg må du søke om det for seg.

Etter at du har takka ja til tilbodet får du tilsendt ein husleigekontrakt. Einingsleiaren og leietakar går gjennom kontrakten og signerer den. Einingsleiar leverer nøklane til bustaden. Det er ikkje tillat å kopiere nøklar utan å ha snakka med einingsleiaren. Sekretær omsorg sender ut faktura. Det er mulig å søke om bustøtte. Då må du henvende deg til sosialkontoret.

- **Formål med ein omsorgsbustad er:**

Å gje dei som har behov for det ein god bustad som er tilrettelagt for pleie- og omsorg utanfor institusjon.

- **Føresetnad:**

Søknad med underskrift.

Søkjar må sjølv ynskje å flytte til ein omsorgsbustad.

- **Kriteria:**

Søkjar med funksjonssvikt kan tildelast omsorgsbustad når dette kan førebygge ytterligere funksjonssvikt.

Ein må vurdere om søkjaren framleis kan bu i eigen bustad, når ein legg til rette og skaffar naudsente hjelpemiddel.

Blant søkjarar som fyller kriteria, vil omsyn til rasjonell tenesteyting bli lagt vekt på.

- **Kostnad:**

Husleige, eventuelt med bustøtte.

- **Vedtak:**

Teneste er ikkje lovpålagt. Søkjar må underskrive ein husleigekontrakt.

Har du spørsmål ta kontakt med kommunen
Tlf. 57 78 20 00.

Demensteam

1. september 2008 starta demensteamet i kommunen.

Dei som er med i teamet er:

Geriatrisk sjukepleiar Oddny

Trædal, geriatrisk/ psykiatrisk sjukepleiar Miek

Norman og fastlegen til den aktuelle person.

Kva gjer teamet?



Heimebesøk

- Utredning av pasienten og heimesituasjonen.
- Samtale med pårørende.

Rettleiing.

- Personale og pårørende som er i kontakt med personar med demens.

Informasjon, er under utarbeiding.

- Brosjyrar
- Gulen si heimeside
- Infonytt

Samarbeid.

- Spesialisthelsetenesta
- Ergo/ fysioterapeut.
- Pleiepersonell.
- Pårørende og andre.

Utviklingsarbeid på lengre sikt.

- Dagtilbod
- Nattilbod
- Pårørandeskule
- Pårørandegrupper
- Fleire tilrettelagde institusjonsplassar.

For meir informasjon ring:

41 61 09 72 eller 95 70 25 51

Takk!

Dementavdelinga ved Gulen Sjukeheim, Diamanten, vil på denne måten takke alle som har gitt oss gåver og helsingar dette året. Vi ynskjer samtidig alle ei GOD JUL!

For pasientar og personalet på Diamanten, Avdelingssjukepleiar Oddny Trædal og Einingsleiar Nina Sleire.

Stor takk til Ivar!

Vil med dette få takke Ivar Eide for ein flott tur på den nye vegen mellom Fivelsdal og Sløvåg den 25/09-08. Ivar har vore flink til å ta bebuarar på Dalsøyra bu og omsorgssenter med på slike turar! Han har og vore med å sponsa dei årlige handleturane til Knarvik! Dette er noko me set stor pris på☺

Helsing

Bebuarar ved Dalsøyra bu- og omsorgssenter.

V/ Therese K Asheim



Takk!

For den varme og velvilje loddseljarane våre vart møtt med. Det kom inn nok pengar til innkjøp av blodsentrifuge ved Brekke legekontor.

Med venleg helsing

Brekke Bygdekvinneag v/ leiar Brita Haugland

Info frå Eivindvik Tannklinikk



Lurer du på når du sist var hos tannlegen?
Frå januar har vi ledig kapasitet.
Dersom du har behov så ring
57 78 42 38 for timebestilling.

Med helsing
Eivindvik Tannklinikk.

Til foreldre og omsorgspersonar i Gulen



YNSKJER DU Å FÅ EIT ENDÅ BETRE FORHOLD TIL BARNET DITT?

- Nysgjerrig på korleis du kan få eit endå betre samspel med barnet ditt?
- Interessert i korleis du kan støtte og hjelpe barnet ditt til ei best mogleg utvikling?
- Vil du vite korleis andre foreldre løyser vanlege utfordringar?

Bli med i gruppe for foreldre / omsorgspersonar!

I løpet av 2008, vil ei førebyggjande gruppe i Gulen kommune tilby rettleiing for omsorgspersonar med barn i alderen 0-18 år.

- Interessert?
- Ta kontakt med Gulen helsestasjon tlf. 57783808/57783830

Vil du vite meir? Sjå
www.bufetat.no/foreldreveiledning

VIKTIG INFORMASJON

Alarmsentral Brann Hordaland er felles nød og brannsentral for 30 kommuner i Hordaland og Sogn og Fjordane

Brann 110

Når du ringer nødnummer 110, kommer du til 110-sentralen som ligger i Bergen. Vi sørger for at du får hjelpen du trenger. Derfor er det svært viktig for oss at du kan gi oss de opplysninger vi trenger.

NÅR DU RINGER NØDNUMMER 110

- Snakk rolig og tydelig
- Fortell hvem du er
- Oppgi stedsnavn og kommune
- Oppgi telefonnummeret du ringer fra
- Fortell hva som har skjedd

*Tidlig varsel redder liv!
Sorg for at du har nok og gode røykvarslere!*

Barnas Turlag avd. Gulen



Takkar alle store og små i kommunen for eit fantastisk turår!!!
Me har den gleda av også i år å kunne sjå tilbake til ny medlemsrekord og ikkje minst ein fantastisk oppslutnad på turar og arrangement.

Mottoet vårt "Det finst ikkje dårleg vær, berre dårleg kle og pysete foreldre" viser at i kommunen vår er det lenge mellompysete foreldre!!!

Hjarteleg takk til alle som har støtta oss med gåver gjennom året!!!

Ein stor takk til alle som har stilt opp som turleiarar eller gjort anna dugnad for laget vårt!!

Ynskjer alle hjartelege velkomne til årsmøte i Breidvik og Bålen grendahus torsdag 11. desember kl.19.30.

Kom gjerne med innspel og tankar rundt neste turår før årsmøte!!!

Mvh Styre i Barnas Turlag avd. Gulen



UKM 2009 vert truleg 7. februar på Dalsøyra.

For meir informasjon og påmelding, gå inn på www.ukm.no

Dersom du har spørsmål, ta kontakt med Ole Neset Nerdal olenardal@hotmail.com eller på mobilnr 99516190



Spelemidlar til idrettsanlegg

Gjentak av søknad: **frist 10. desember** – inn til kommunen.



Alle søknadar må ha førehandsgodkjenning.

GO FOTEN RUNDT

GJER FOTEN LETTARE

**JULEGAVETIPS:
GAVEKORT**
FRÅ KR 100 →

FRØYDIS SLETTEVOLD

YNSKJER ALLE VELKOMEN TIL EIN
FOTTERAPITIME

EG TILBYR:

- God spa behandling av foten
- Klipp/ slip av negler
- Behandling av ned/ inngrodde negler
- Fjerning av hard hud / torner
- Råd om riktig sko / såler
- Parafin bad
- Detox behandling
- Voksing av hår
- Farging og forming av vipper og bryn
- Sal av Artopedico sko
- Hull i øyrene (Nyhet)

VI AVTALER TID OG STAD
NÆR DER DU BUR
BESTILL TIME I DAG

RING:

99165619

froydis.slettevold@enivest.net

5970 BYRKNESØY



SKJERJEHAMN
6. DESEMBER SPILLER
BIRGER MELAND TIL
DANS
3. JULEDAG
ROMJULSDANS
GISLE FOTLAND SPILLER
INNGANG 100,-KR 18 ÅR!
RING OSS PÅ 57 78 40 40/ 954 22 033